



Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/1537-3

## **Søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale midlar til realisering av fotballhall på Skei i Jølster kommune.
  2. Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale midlar til utvikling av Vik skisenter i Vik kommune.
- 

#### **Vedlegg:**

1. Søknad om fylkeskommunal støtte til fotballhall på Skei i Jølster kommune.
  2. Søknad om fylkeskommunal støtte til utvikling av Vik skisenter i Vik kommune.
- 

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen har motteke søknader om etablering av fotballhall på Skei i Jølster og utvikling av Vik skisenter i Vik.

Fylkeskommunen fekk i 2017 fleire søknader om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg. Fylkestinget ba då om at det vart lagt fram ei eiga sak om vurdering av desse søknadene, jf. FT-sak 27/17.

I FT-sak 30/18 i møte 12.juni 2018 vart det løyvd totalt 16 millionar til fire idrettsanlegg, Arena Stryn (basishall for turn), Storhallen i Vest (fotballhall i Florø), Fjaler-hallen (skytebane, Dale) og Sognehallen (klatreanlegg, Sogndal).

Økonomiplan 2019 – 2022 inneheld ein ambisiøs investeringsplan med mange vedtekne prosjekt (bygg/veg). For å kunne møte ev. økonomiske utfordringar i høve fylkeskommunale investeringar, er tilrådd strategi å avsette disponibele midlar til dette. Det vil då ikkje vere rom for å prioritere «gode tiltak» der ein søker om fylkeskommunale driftsmidlar (tilskot).

Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til føremålet, og fylkesdirektøren viser til at fylkeskommunen sine verkemiddel i denne typen saker er fagleg rådgjeving og spelemidlar.

## **2. Omtale av søknadane**

Fylkesdirektøren presenterer under dette punktet den enkelte søknad, og vurderer desse opp mot Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019, regional plan for kultur og spelemidlar. Det vert så gitt ei samla vurdering i pkt. 3 i høve fylkeskommunalt tilskot.

### **2.1 Fotballhall Skei i Jølster**

Jølster kommune søker om fylkeskommunal støtte på 15 millionar til etablering av fotballhall med garderober, klubhus møterom, lager, sosialt rom og klatreanlegg. Oppstart av anleggsarbeidet er planlagd før sommaren 2019. Søknad til same anlegget låg føre våren 2018 og vart handsama som del av budsjettarbeidet i fylkeskommunen for 2019; jf HNK-sak 48/18.

Anlegget skal dekke behovet for kroppsøvingsareal, lokal idrettsleg aktivitet og fylle regional funksjon for turneringar, treningsamlingar og avvikling av kampar når veret på vinterstid ikkje tillet å gjennomføre dette ute. Kostnadane for fotballhall med garderober og klubhusfunksjonar er kalkulert til vel 53 millionar.

Vidare er det planlagt å bygge ein klatrehall som skal dekke ein regional funksjon utover eigen kommune. Søknad til denne vert fremja som spelemiddelsøknad i 2020.

*Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv 2016–2019 og spelemidlar:*  
Jølster kommune fremja søknad om spelemidlar for fotballhall og klubhusfunksjonar for 2019 og har ein godkjend søknadssum på 10,6 millionar kroner.

Anlegget har status som interkommunalt anlegg som gir 30% meir i spelemidlar etter søknad til Kulturdepartementet. Førde kommune har støtta anlegget med 5% av investeringskostnadene og bind seg til minimum 5% av driftskostnadene i 20 år. I tillegg er det også løyvd private midlar til anleggsutbygginga. Anlegget er fullfinansiert utan fylkeskommunal støtte.

Tildeling til idrettshallar inklusiv spesialhallar som fotballhallar, vert styrt etter regional plan for fysisk aktivitet, idrett og idrett 2016–2019. Tildeling til fotballhallen på Skei i Jølster er plassert i langtidsprogrammet og vert vurdert for tildeling etter 2020. Tilsvarande vil også gjelde for framtidig søknad om klatrehall.

### **2.2 Vik Skisenter, Vik**

Vik Skisenter som er eigd og drifta av Vik Idrettslag søker om 2 millionar til utvikling av anlegget. Anlegget er eit heilårsanlegg med rulleskiløyper i store deler av traseane og rulleskiskyting med standplass for 30 skyteskiver. I tillegg er det anlegg for hopp og alpint.

Ulike landslag i skiskyting, deriblant det italienske nyttar anlegget i tillegg til langrennsløyper på Vikafjellet på sommarstid. Anlegget har skiskytingsforbundet sin høgste anleggslisens for vinter, C-lisens, er vertskap for både lokale og regionale mesterskap i langrenn og skiskyting, og har arrangert NM i rulleskiskyting to gongar tidlegare.

Vik idrettslag er tildelt NM i skiskyting i 2020. For å få C-lisens for sommar, må løpenettet oppgraderast med asfalt. Det vert vist til at anlegget kan vere potensiell vertskap for eit framtidig eventuelt OL på Vestlandet i 2030. Det eventuelle fylkeskommunale tilskotet skal nyttast til å betale ned gjeld, investering i ny løpemaskin og garasjebrygg med ei samla investering på om lag 2,5 millionar. Det vert også fremja søknad til Vik kommune.

*Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv 2016–2019 og spelemidlar:*  
Vik skisenter har pr. i dag ingen søknader om tilskot til spelemidlar og såleis heller ingen anlegg der tildeling vert styrt etter regional plan.

Løpemaskiner er driftsmateriell og er ikkje del av spelemiddelordninga. Det finst likevel ei tilskotsordning for spelemidlar til utstyr, løpemaskiner, der blant anna skianlegga kan søkje via skikrinsen som lagar ei prioriteringsliste til Norges Skiforbund. Vik skisenter kan ta kontakt med Sogn og Fjordane skikrins om dette.

For å finansiere etablering av garasjeanlegget, kan det søkjast om spelemidlar til lagerbygg med tilskot inntil maks. 1 mill kr. av godkjende kostander inklusiv mva. Det kan også nemnast at det etter at anlegget er ferdigstilt kan søkjast om kompensasjon for meirverdiavgifta for anlegget via Lotteri- og Stiftingstilsynet si momskompenasjonsordning for idrettsanlegg.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkeskommunen har ikkje eigen budsjettpost for fylkeskommunalt tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling. Fylkeskommunen sine verkemiddel i slike saker er fagleg rettleiing og spelemidlar. Godt arbeid i frivillig sektor, kommunane og fylkeskommunen, saman med endring i spelemiddelnøkkelen, har gjort at vi har fått stor auke i tildeling av spelemidlar dei seinare åra.

#### Rutinar for finansiell medverknad:

Når det gjeld søknadar om finansiell medverknad vil fylkesdirektøren vise til gjeldande rutinar som er omtala i pkt. 1.5 i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Desse er:

*«Fylkeskommunane er som regional utviklingsaktør avhengig av eit aktivt samspele med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i løpet av året med søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.*

*Følgjande rutine er etablert i høve eksterne søknader/innspel om finansiell medverknad til ulike prosjekt:*

- *Søknaden/innspelet skal så raskt som mogeleg og løpende gjevast ei fagleg vurdering i høve dei overordna strategiane for den aktuelle sektoren.*
- *Om søknaden/innspelet har tverrsektoriell tilnærming, avgjer fylkesrådmannen kva familjø som skal inn i vurderinga av søknaden.*
- *Aktuelt/aktuelle hovudutval skal så raskt som mogeleg avgjere den vidare lagnaden til søknaden (om den skal kanaliserast inn mot eksisterande søknadsordningar/budsjettprosess/eller eventuelt gjevast avslag)*
- *Søknader/innspel som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemد og aktivitet innafor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.*
- *Søknader/innspel som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.*
- *Lagnaden til søknaden/innspelet skal meddelast avsendar snarast råd.»*

#### Økonomiske vurderingar:

Etter endringar i inntektssystemet (2015) har fylkeskommunen gjennomført omfattande innsparinger på alle sektorar. Det har vore svært krevjande å finne tiltak som i minst mogleg grad har hatt konsekvensar for tenestetilbodet. I samband med dette har det heller ikkje vore økonomisk handlingsrom til å prioritere t.d. ei årleg løying til tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling.

Økonomiplan 2019-2022 legg opp til ambisiøse investeringar. Dette gjeld både bygg- og veginvesteringar. For å møte økonomisk utfordringar i høve fylkeskommunale investeringar, er tilrådd strategi å avsette disponible midlar til dette. Som ein konsekvens er det ikkje rom for å prioritere «gode tiltak» av den type som ligg i denne saka (tilskot).

#### Søknadane – behov:

Fylkesdirektøren har lagt vekt på ei tverrsektoriell vurdering av prosjekta opp mot dei behov fylkeskommunen har, og dei investeringsprosjekta det vert arbeidd med i fylkeskommunen. Ut frå det perspektivet kan ikkje fylkesdirektøren sjå at fylkeskommunen har behov innan sitt ansvarsområde verken i høve anlegga i Jølster eller Vik som nokon av dei aktuelle prosjekta løysar. Dei omsøkte anlegga vil såleis løyse lokale behov/idretten/frivillig sektor sine behov.

#### Anleggs- og tildelingspolitikk i Vestland fylkeskommune;

Vestland fylkeskommune vert etablert 1.1.2020. Framlegg til anleggs- og tildelingspolitikk for Vestland fylkeskommune har vore på høyring og skal handsamast i fellesnemnda 23.mai 2019. Det er viktig at søkerane orienterer seg inn mot dette.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka og rår frå å løyve fylkeskommunale tilskot dei aktuelle anlegga.